

## Meir avrenning til Korsnes?

20.10.2014

**Bebuarane i Korsnes byggjefelt meiner at dei registrerer meir avrenning frå feltet etter at anleggssarbeidet i Ospelunden starta. Kommunen kan korkje bekrefta eller avkrefta dette, men fordrøyningseffekten i terrenget vil endra seg ved ei utbyggjing samt at vatnet finn nye vegar. Når feltet er utbygd ferdig og den nye overvassleidningen er lagt til sjøen, skal den ta vare på ei vesentleg mengde av avrenninga frå det utbygde området.**

Det held Tormod Fossheim i kommunen fram i eit referat etter ei synfaring for kommunen og bebruarane.

Tekniske tenester har' ansvaret for eksisterande overvass-system samt bygging av den nye leidningen til sjøen.

Dei har også ansvaret for overtakingsprosessen av det prosjekterte anlegget i Ospelunden.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen